

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Fonna HF

**DATO:** 22.10.20  
**SAKSHANDSAMAR:** Olav Klausen  
**SAKA GJELD:** **Revidert konseptrapport**  
**Val av utbyggingsalternativ for byggetrinn 2, Haugesund sjukehus**

### ARKIVSAK:

14/16  
35/20  
45/20

**STYRESAK:** 56/20

**STYREMØTE:** 29.10.20  
34 vedlegg

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Helse Fonna HF godkjenner revidert konseptrapport med vedlegg for Haugesund sjukehus
2. Styret i Helse Fonna HF vedtek at austalternativet for Haugesund sjukehus kan bli vidareført til forprosjekt, om det blir gitt lån på statsbudsjettet
3. Styret i Helse Fonna HF vedtek mandat og styringsdokument for forprosjektfasen
4. Styret i Helse Fonna HF ber administrerande direktør arbeide vidare med tilrådingane frå den eksterne kvalitetssikringa som det kjem fram av saka
5. Styret i Helse Fonna HF ber administrerande direktør sende konseptrapport og vedtak til Helse Vest RHF for handsaming og grunnlag for lånesøknad
6. Styret i Helse Fonna HF ber administrerande direktør halde styret i Helse Fonna HF løypande informert om det vidare arbeidet

## Bakgrunn for saka

Helse Fonna har eit opptaksområde på om lag 180.000 innbuarar i 17 kommunar i Vestland og Rogaland fylke. Føretaket har mellom anna fire sjukehus, fire distriktpsikiatriske sentra og ti ambulansestasjonar.

Bygningane i føretaket har varierende tilstandsgrad. Helse Fonna gjennomførte ei bygningsteknisk kartlegging av føretaket sin bygningsmasse. Kartlegginga blei lagt fram for styret i Helse Fonna HF i desember 2011. «Må tiltaka» blei berekna til 1 230 MNOK, «bør tiltaka» blei berekna til 480 MNOK. Dei største bygningsmessige utfordringane var ved Haugesund sjukehus. Som oppfølging av den bygningsmessige kartlegginga gjennomførte føretaket arbeidet med utviklingsplan.

Styret i Helse Fonna HF drøfta ved fleire høve om det var mest hensiktsmessig å planlegge eit nybygg på eksisterande tomt i Haugesund, eller om eit nytt fullverdig sjukehus skulle leggjast på ny tomt utanfor sentrum. På kort og mellomlang sikt var det urealistisk at Helse Fonna hadde økonomiske bereevne til å bygge eit nytt fullverdig sjukehus med alle funksjonar.

Ein viktig faktor for å ikkje å gå vidare med nytt sjukehus på ny tomt var at det hasta med å rehabiliterer lokala og/eller flytte aktivitet frå den delen av bygningsmassen ved Haugesund sjukehus som hadde raud tilstandsgrad. Ivaretaking og utvikling av dei andre sjukehusa i føretaket, nærleik mellom psykisk helsevern og somatikk, nærleik til befolkningssentra og høgskule var òg faktorar som blei vektlagt når føretaket valde å utgreie nybygg nær eksisterande bygg.

På bakgrunn av den vedtekne utviklingsplanen blei det gjennomført ein idéfase. Idéfaserapporten slo fast at eit nybygg i Haugesund vil kunne legge til rette for flytting av kritiske funksjonar (laboratorium, operasjon, akuttmottak, fødeavdeling, poliklinikkar og senger) for å sikre rasjonell drift. Føretaket sin berekna økonomiske berekraft blei lagt til grunn. Idéfaserapporten og mandat for konseptfasen blei vedtatt av styret i Helse Fonna HF 17.11.14.

I konseptfasen blei det etablert styringsgruppe og fleire prosjektgrupper. Over 300 leiarar, medarbeidarar, tillitsvalde, verneombod, bedriftshelsetenesta og brukarar arbeida saman for å tilrå eit konsept for framtida. Organiseringa er varetatt i seinare byggutvikling.

I den eksterne kvalitetssikringa (KSK) konkluderte firmaet Deloitte at dei økonomiske analysane var godt dekkja, og bar preg av god kvalitet. Deloitte meinte at både omstilling og gevinstrealisering var godt forankra og svært godt og grundig gjennomtenkt.

Konseptfaserapporten blei handsama av styret i Helse Fonna 04.04.16. Helse Fonna blei tildelt lån for byggetrinn 1 på statsbudsjettet for 2018.

Forprosjektrapporten for byggetrinn 1 blei handsama av styret i Helse Fonna HF 03.04.17. Grunnarbeida (Risa AS) i første byggetrinn starta i januar 2018. Veidekke AS blei tildelt kontrakt (totalentreprise) for bygging av den nye sørvestblokka. Byggetrinn 1 (nybygget) er venta ferdig i 2021. Nybygget er i rute med omsyn til framdrift, økonomi og kvalitet.

Første byggetrinn inneheld nybygg for planleggings- og bygningsmessig krevjande funksjonar som felles akuttmottak (somatikk, rus og psykisk helsevern), lukka akuttpost for psykisk helsevern, intensiv-/postoperativ eining, operasjonsstover, fødestover og fullautomatiserte laboratorium. Ombygging av eldre bygningsmasse vil starte hausten 2021.

### **Bakgrunn for framskunding av byggetrinn 2 og revisjon av konseptfaserapporten**

Opphoveleg var oppstart av byggetrinn 2 planlagt i 2030. Dei økonomiske føresetnadene som låg til grunn for oppstart har seinare endra seg, se òg nedanfor.

Koronapandemien har tydeleg vist at føretaket må ha betre løysningar og kapasitet til å etablere kohortavdelingar og isolat ved omfattande epidemiar. Det har sidan mars 2020 vore naudsynt å etablere eigne kohorteiningar og alternativt pandemimottak i føretaket. Dette har gitt store utfordringar for anna drift, spesielt ved Haugesund sjukehus.

Ved Haugesund sjukehus er det på sengepostane i M-blokka fleire 4- og 2-sengsrom som gir utfordringar ved isolasjon av pasientar og behov for einerom av andre årsaker. Det fører også til mange korridorpasientar. Ved sengepostane i M-blokka er det felles bad og dårlege løysningar med omsyn til hygiene og kvalitet på opphaldet. Ombygging av sengerom i dagleg drift er svært vanskeleg å få til.

Oppdatert framskriving syner at talet på pasientar som treng medikamentell kreftbehandling og infeksjonsbehandling med senger og isolat vil vere aukande fram mot 2040. I tillegg vil det bli større behov for kapasitet for dialyse, dagbehandling og poliklinikk.

Utstyret på dagens nukleæravdeling (radiologi) må skiftast ut grunna alder. Dagens plassering i U1 på Haugesund sjukehus er ikkje tilfredstillande for pasientar og medarbeidarar. I samband med ombygging i byggetrinn 1 har difor byggorganisasjonen fått i oppdrag å utgreie moglegheit for å flytte eininga opp i første etasje. I tillegg har føretaket vurdert førespurnad om å utvide apoteklokala i underetasjen. Det er derfor vurdert forsterkingar av dagens S-blokk for å sikre at ikkje slike funksjonar ville legge hindringar i vegen for framtidig påbygg. Utgreinga konkluderte med at det var mogleg å forsterke bygningsmassen for å legge til rette for framtidig utbygging.

Ekstern kvalitetssikring av konseptrapporten frå 2016 peika på at areal for sentraloperasjon og dagkirurgi var noko overdimensjonert. Dagkirurgi blei derfor flytta inn i første byggetrinn. I tillegg blei patologi inkludert i byggetrinn 1 etter at det blei peika på at lokale og arbeidsmiljø ikkje var gode nok i eksisterande areal. Begge funksjonane skulle i

utgangspunktet ha venta til byggetrinn 2. Byggetrinn 1 har såleis tatt inn fleire funksjonar innanfor den økonomiske ramma for byggetrinnet. Om det i framtida skulle likevel bli behov for fleire operasjonsstover vil dette kunne etablerast i fråflytta areal i eksisterande bygg.

Helse Vest RHF tar sikte på at Helse Fonna vil bli tilført likviditet på 294 MNOK i 2023. Med kapitaltilskotet som skal nyttast til å betale ned eksisterande lån vil dei årlege rentene og avdraga bli lågare. Helse Fonna får såleis auka det årlege likviditetsoverskotet som styrker finansieringsgrunnlaget. I økonomisk langtidsplan vedtatt i mai 2020 er det funne moglegheit for å finansiere eit nybygg i byggetrinn 2 på inntil 1 milliard kroner (lån og eigenkapital) med byggestart i 2023. Dette vil òg gje betre investeringsevne for å vedlikehalde og oppgradere dei andre sjukehusa og bygningane i føretaket.

Vedteken reguleringsplan tar høgde for vidare utbygging av Haugesund Sjukehus både mot nord eller aust.

På bakgrunn av dette bad styret i Helse Fonna HF i juni 2020 administrerande direktør om å revidere konseptrapporten frå 2016 for å kunne framskynde byggetrinn 2.

### **Revidering av konseptrapporten**

I arbeidet med revisjon av konseptfasen er det lagt vekt på fleire prinsipp i den opphavelige konseptrapporten, som mellom anna krav til fleksibilitet og generalitet i løysingane. Ny framskrivning og gevinstberekning er gjennomført.

Nokre driftsmodellar som er varetekne er:

1. Sentra for pasientforløp på tvers av ulike fagområder
2. Pasientane skal ikkje unødvendig leggjast i seng, og skal gå mest mogleg på eigne bein.
3. Ny teknologi for pasientar og medarbeidarar underbygger dei kvalitative og kvantitative gevinstar som er satt for prosjektet.

Det er tatt omsyn til erfaringar med pandemien i arbeidet med å revidere konseptrapporten. I ny framskrivning er behovet for senger, isolat, poliklinikkar og areal for dagbehandling berekna på nytt. Det er i planane tatt høgde for ny infeksjonsavdeling med eige mottak og nytt kreftsenter.

Arbeidet med revisjon av konseptrapporten har vore eigd av administrerande direktør og gjennomført av prosjektorganisasjonen for bygg, med rådgjevarar. Det har vore nytta same styringsgruppe i arbeidet som har følgd byggprosjektet sidan den førre konseptfasen. Tillitsvalde, verneombod, bedriftshelsetenesta og brukarar deltek i styringsgruppa. Viktige avgjerder, som til dømes økonomisk langtidsplan, er i forkant formelt drøfta og handsama av arbeidsmiljøutvalet.

Evalueringsgruppa, som har evaluert og vekta alternativa har nytta same prinsipp som ved førre evaluering av konseptfaserapporten. Det er lagt fire hovudkriterier til grunn for

vurderinga, samt delkriterier. Kriteria omtalar samfunns mål, effektmål og resultatmål samt mål knytt til tomt og teknisk drift samt generalitet, fleksibilitet og elastisitet. I evalueringa fekk O-alternativet 150 poeng, nordalternativet 320 poeng og austalternativet 385 poeng.

Det er berekna at nordalternativet vil koste 1 410 MNOK, austalternativet 980 MNOK og nullalternativet 360 MNOK, målt i 2020 kroner (P 85).

Helse Fonna har inngått avtale om samarbeid med Sykehusbygg HF, og avtalt dialogmøte. Det er òg gjennomført møte med byggetaten i Haugesund kommune. Det har vore løypande dialog med eigar om planane for byggetrinn 2. Den reviderte konseptrapporten er formelt drøfta og handsama i arbeidsmiljøutvalet. Styringsgruppa har gitt si tilslutning til å gå vidare med austalternativet til forprosjekt, om det blir gitt lån over statsbudsjettet.

I styremøtet i september 2020 godkjente styret grunnlaget i den reviderte konseptrapport samt tilrådd hovudalternativ (austalternativet) for byggetrinn 2 ved Haugesund sjukehus.

I tillegg bad styret om at den reviderte konseptrapporten blei kvalitetssikra eksternt (KSK).

### **Ekstern kvalitetssikring (KSK)**

I vegleiar for tidlegfasen for sjukehusbygg står det om KSK:

«KSK skal sikre at de utredninger som er gjennomført i konseptfasen på en tilfredsstillende måte har ivare tatt overordnede krav (målhierarki, bredde i utredninger av alternativ, riktige prioriteringer og økonomisk bæreevne), men også spesifikke krav til metode og innhold i utredninger og analyser knyttet til gevinstrealisering, struktur og sammenheng i tjenestetilbudet, forholdet til samhandlingsreformen, beregning av framtidig aktivitet og kapasitetsbehov, omstilling og effektivisering, miljøhensyn, pasientsikkerhet og befolkningens krav til tjenesten.»

Etter konkurranse blei firmaet PwC tildelt arbeidet med ekstern kvalitetssikring av rapporten. PwC skriv innleiingsvis i sin rapport at utgreiinga og dokumenta er fullstendige, har god innbyrdes konsistens og tilfredsstillande sporbarhet (s. 9).

KSK skal òg svara ut sju konkrete spørsmål. Under følgjer ei oversikt over spørsmåla, vurderingane frå PwC, tilrådingane frå PwC og kommentarane frå administrerande direktør.

#### **1. Er det samsvar med det virksomhetsstrategiske grunnlaget for investeringen formulert i utviklingsplanen og den framlagte konseptrapporten?**

**PwC si vurdering:** «Ja, det er samsvar mellom det virksomhetsstrategiske grunnlaget og den framlagte konseptrapporten. Grunnlaget er hentet fra revidert styringsdokument for konseptfasen, fra utviklingsplan for Helse Fonna 2018 og fra økonomisk langtidsplan. Grunnlaget er godt dokumentert.»

**PwC si tilråding:** «I det videre arbeid med organisasjonsutvikling bør bemanningsframskrivingen fra 2016-rapporten gjennomgås og oppdateres ut fra revidert dimensjonering av aktivitet.»

**Adm. dir. sin kommentar:** Bemanningsframskriving vil bli gjennomgått og oppdatert før prosessen for organisasjonsutvikling i forprosjektfasen startar.

## 2. Er målhierarkiet konsistent, avklart og ikke for komplisert eller generelt til å være operasjonelt?

**PwC si vurdering:** «Ja. Det er konsistens i målhierarkiet og målene er godt formulerte. Målene er operasjonaliserbare.»

**PwC si tilråding:** «I det videre arbeidet kan man vurdere å inkludere tidsaspektet og konkrete nivåer for målene. For eksempel kan effektmål 5 presiseres med at sykefraværet skal reduseres med X % i et gitt år sammenlignet med i dagens situasjon.»

**Adm. dir. sin kommentar:** I det videre arbeidet med organisasjonsutvikling vil dei ulike måleparametrene bli konkretiserte. Til dømes vil tid frå innlegging til første legetilsyn, tal på polikliniske konsultasjonar samt arbeid med å redusere sjukefråvær bli konkretisert.

## 3. Er alternativene vurdert opp mot gevinster som ønskes realisert?

**PwC si vurdering:** «Ja. Gevinster knyttet til liggetid og leiekostnader er beregnet. Prosjektet har tatt høyde for risiko i gevinstrealiseringen og har et aktivt forhold til risikoreducerende tiltak knyttet til gevinster.»

**PwC si tilråding:** «Ingen anbefalinger.»

**Adm. dir. sin kommentar:** Ingen.

## 4. Er alternativene vurdert opp mot det regionale foretakets økonomiske og finansielle bæreevne til gjennomføring?

**PwC si vurdering:** «Ja. Økonomisk bæreevne for en investering på 1 000 MNOK knyttet til byggetrinn 2 er godt dokumentert på RHF-nivå i ØLP 2021-2025 for Helse Vest. Bæreevnen er også godt dokumentert på HF-nivå i ØLP 2021-2025 for Helse Fonna.»

**PwC si tilråding:** «I det videre arbeidet med prosjektene bør periodisering av investeringen avstemmes ytterligere med gjennomføringsplan for byggetrinn 2. Dette kan gjøres i forbindelse med utforming av en eventuell lånesøknad til HOD.»

**Adm. dir. sin kommentar:**

Under framkjem periodisering avstemt med prosjektet si planlagde framdrift. Foretaket sin likviditet blir ikkje monaleg råka og vil vere tilfredsstillande i

perioden om føretaket får lån i takt med oppdatert periodisering av investeringa.

Periodisering av investering og lån:

| År            | Investering        | 70% Låne-finansiering |
|---------------|--------------------|-----------------------|
| 2022          | 235 000 000        | 164 500 000           |
| 2023          | 249 000 000        | 174 300 000           |
| 2024          | 274 000 000        | 191 800 000           |
| 2025          | 222 000 000        | 155 400 000           |
| <b>Totalt</b> | <b>980 000 000</b> | <b>686 000 000</b>    |

Økonomisk bæreevne med ny periodisering:

| Beløp i hele tusen kroner                                  | 2020            | 2021           | 2022             | 2023             | 2024             | 2025             | 2026             | 2027            | 2028           | 2029           | 2030           | 2031           | 2032           | 2033           |
|--|-----------------|----------------|------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|-----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| EBITDA ekskl. byggetrinn 2                                 | 170 708         | 161 051        | 186 670          | 196 422          | 198 222          | 213 373          | 217 644          | 221 985         | 226 547        | 230 377        | 234 495        | 233 604        | 232 702        | 231 790        |
| Resultat før gevinster og renter nye lån byggetrinn 2      | 40 000          | 14 000         | -15 000          | -10 000          | -10 444          | 6 318            | -18 482          | -15 548         | -10 024        | -5 496         | -969           | -2 057         | -3 356         | -5 722         |
| -Renter nye lån byggetrinn 2                               |                 |                |                  |                  |                  |                  | -15 994          | -15 523         | -15 053        | -14 582        | -14 112        | -14 210        | -14 269        | -14 288        |
| -Økning i FDV kostnader byggetrinn 2                       |                 |                |                  |                  |                  |                  | -6 000           | -6 000          | -6 000         | -6 000         | -6 000         | -6 000         | -6 000         | -6 000         |
| +Gevinster, dekning av renter og avskr/avdrag byggetrinn 2 |                 |                |                  |                  |                  |                  | 6 000            | 31 000          | 31 000         | 31 000         | 31 000         | 31 000         | 31 000         | 31 000         |
| Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget           | 40 000          | 14 000         | -15 000          | -10 000          | -10 444          | 6 318            | -34 485          | -6 071          | -77            | 4 922          | 9 919          | 8 733          | 7 376          | 4 990          |
| + Avskrivning/nedskrivning                                 | 129 824         | 137 751        | 173 063          | 184 588          | 185 611          | 183 767          | 212 884          | 215 243         | 215 496        | 216 216        | 217 298        | 218 195        | 219 426        | 221 615        |
| <b>= Kontantstrøm fra driften</b>                          | <b>169 824</b>  | <b>151 751</b> | <b>158 063</b>   | <b>174 588</b>   | <b>175 167</b>   | <b>190 085</b>   | <b>178 399</b>   | <b>209 173</b>  | <b>215 419</b> | <b>221 137</b> | <b>227 217</b> | <b>226 928</b> | <b>226 801</b> | <b>226 605</b> |
| - Resultatavvik 2019                                       | -8 447          |                |                  |                  |                  |                  |                  |                 |                |                |                |                |                |                |
| + Nedskrivning 2019  | 517             |                |                  |                  |                  |                  |                  |                 |                |                |                |                |                |                |
| + Kapitaltilførsel fra RHFet                               | 0               | 0              | 0                | 294 000          | 0                | 0                | 0                | 0               | 0              | 0              | 0              | 0              | 0              | 0              |
| + Opptak av nye lån  | 625 000         | 581 164        | 164 500          | 174 300          | 191 800          | 155 400          | 0                | 0               | 0              | 0              | 0              | 0              | 0              | 0              |
| - Avdrag lån   | -15 085         | -28 515        | -55 375          | -340 975         | -45 593          | -43 271          | -58 959          | -57 759         | -54 870        | -54 870        | -52 370        | -52 370        | -52 370        | -52 370        |
| - Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT               | -18 451         | -10 959        | -10 104          | -11 403          | -6 157           | -6 494           | 0                | 0               | 0              | 0              | 0              | 0              | 0              | 0              |
| + Salg av anleggsmidler 2019                               | 79              | 0              | 0                | 0                | 0                | 0                | 0                | 0               | 0              | 0              | 0              | 0              | 0              | 0              |
| +/-Overføring av likviditet fra 2019                       | -49 042         |                |                  |                  |                  |                  |                  |                 |                |                |                |                |                |                |
| <b>Finansieringsgrunnlag investeringar</b>                 | <b>704 395</b>  | <b>693 441</b> | <b>257 084</b>   | <b>290 510</b>   | <b>315 218</b>   | <b>295 721</b>   | <b>119 440</b>   | <b>151 414</b>  | <b>160 548</b> | <b>166 267</b> | <b>174 847</b> | <b>174 558</b> | <b>174 431</b> | <b>174 234</b> |
| <b>Investeringar (må spesifiseres i eget ark):</b>         |                 |                |                  |                  |                  |                  |                  |                 |                |                |                |                |                |                |
| <b>Beløp i hele tusen kroner</b>                           |                 |                |                  |                  |                  |                  |                  |                 |                |                |                |                |                |                |
| Bygghaugesund2020 inkl. MTU og inventar                    | 697 260         | 493 398        | 97 192           | 0                | 0                | 0                | 0                | 0               | 0              | 0              | 0              | 0              | 0              | 0              |
| Byggetrinn 2 Haugesund sjukehus inkl MTU og inventar       | 0               | 0              | 235 000          | 249 000          | 274 000          | 222 000          | 0                | 0               | 0              | 0              | 0              | 0              | 0              | 0              |
| Bygg - tilgjengelig ramme                                  | 41 058          | 30 000         | 30 000           | 30 000           | 30 000           | 30 000           | 35 000           | 35 000          | 35 000         | 35 000         | 35 000         | 50 000         | 55 000         | 60 000         |
| Medisinteknisk utstyr ekskl. byggeprosjekter               | 42 805          | 30 000         | 30 000           | 30 000           | 30 000           | 30 000           | 35 000           | 35 000          | 35 000         | 35 000         | 35 000         | 40 000         | 40 000         | 45 000         |
| Anna   | 12 681          | 10 000         | 10 000           | 10 000           | 10 000           | 10 000           | 10 000           | 10 000          | 10 000         | 10 000         | 10 000         | 10 000         | 10 000         | 10 000         |
| <b>Sum investeringar</b>                                   | <b>793 804</b>  | <b>563 398</b> | <b>402 192</b>   | <b>319 000</b>   | <b>344 000</b>   | <b>292 000</b>   | <b>80 000</b>    | <b>80 000</b>   | <b>80 000</b>  | <b>80 000</b>  | <b>80 000</b>  | <b>100 000</b> | <b>105 000</b> | <b>115 000</b> |
| Avvik investeringsplanar og finansielt grunnlag            | (89 409)        | 130 043        | (145 108)        | (28 490)         | (28 782)         | 3 721            | 39 440           | 71 414          | 80 548         | 86 267         | 94 847         | 74 558         | 69 431         | 59 234         |
| Overføring av disponibel likviditet til året etter         | (89 409)        | 40 634         | (104 474)        | (132 964)        | (161 746)        | (158 026)        | (118 585)        | (47 172)        | 33 377         | 119 644        | 214 490        | 289 048        | 358 479        | 417 714        |
| <b>Ubenyttet disponibel likviditet til investeringar</b>   | <b>(89 409)</b> | <b>40 634</b>  | <b>(104 474)</b> | <b>(132 964)</b> | <b>(161 746)</b> | <b>(158 026)</b> | <b>(118 585)</b> | <b>(47 172)</b> | <b>33 377</b>  | <b>119 644</b> | <b>214 490</b> | <b>289 048</b> | <b>358 479</b> | <b>417 714</b> |

## 5. Er prosjektets lokalisering vurdert i forhold til det regionale helseforetakets totale tilbud?

**PwC si vurdering:** «Ja. Prosjektet er omtalt i regionale planer og vurderes derfor å være vurdert opp mot det totale tilbudet i Helse Vest.

Reguleringsplanen for området ble vedtatt 15.11.2017 og dermed ferdig og vedtatt før denne utredningen.»

**PwC si tilråding:** «Ingen anbefalinger.»

**Adm. dir. sin kommentar:** Ingen.

## 6. Hvordan forholder prosjektet seg til overordnede krav til ivaretagelse av indre og ytre miljø?

**PwC si vurdering:** «Vår vurdering er at indre og ytre miljø er tilstrekkelig ivare tatt i konseptfasen.»

**PwC si tilråding:** «Beskrivelsene av indre og ytre miljø, herunder krav til dette, er relativt overordnede i revidert konseptrapport 2020. Det er viktig at man i det videre arbeidet og i et eventuelt forprosjekt setter i gang arbeid med å utarbeide miljøoppfølgingsprogrammet for indre og ytre miljø. Vi legger til grunn at utarbeidelsen av en miljøplan er del av dette arbeidet.»

**Adm. dir. sin kommentar:** I forprosjektfasen vil det bli utarbeidd miljøoppfølgingsprogram med miljøplan. Miljøoppfølgingsplanen vil legge til grunn krava i overordna teknisk program (OTP) samt krava tilhøyrande Tek17 og grønt sjukehus.

## **7. Hvordan kan planlagte bygg og infrastruktur påvirke uønskede hendelser innenfor pasientsikkerhet?**

**PwC si vurdering:** «Planlagte bygg og infrastruktur vil virke positivt inn på pasientsikkerheten. Det er dokumentert at det er alternativ øst som best legger til rette for reduksjon av uønskede hendelser. Dette er grundig beskrevet og gjelder pasientsikkerhet i nytt bygg og i byggeperiode. Erfaringer fra Covid-19 pandemien er beskrevet og hensyntatt i vurderingene.»

**PwC si tilråding:** «Ingen anbefalinger.»

**Adm. dir. sin kommentar:** Ingen.

### **Administrerende direktør si tilråding**

Administrerende direktør vil tilrå at austalternativet blir vidareført til forprosjekt om det blir gitt lån på statsbudsjettet. Administrerende direktør tilrår at saka med vedlegg blir sendt til Helse Vest RHF som grunnlag for lånesøknad.

### **Vedlegg**

Det er til saman 34 vedlegg inklusiv den reviderte konseptrapporten. To vedlegg er nye sidan sist handsaming i september, ekstern kvalitetssikring (19) og mandat for forprosjektfasen (20). Vedlegga er lagt ut som eiga mappe under styresakene publisert på [www.helse-fonna.no/styret](http://www.helse-fonna.no/styret).

Fire av vedlegga er u. off., jfr. Offentleglova § 23, tredje ledd. Desse er sendt ut til styret på e-post.

### **Nye vedlegg frå sist handsaming i september er:**

18 Ekstern kvalitetssikring (KSK)

19 Mandat for forprosjektfase